



**STUDENT**

**PARLAMENTET**

VED HØGSKULEN I VOLDA

## **Møte i Studentparlamentet**

nr 7/22-23

Onsdag 26. april 2023

Konferanserommet på Rokken

Kl 16.00-20.00

Matsservering kl 16.00

Møtestart kl 16.30

## Saksliste

Sak 64 – 22/23:	Opprop og val av møteleiing .....	3
Sak 65 – 22/23:	1. Godkjenning av innkallinga .....	3
Sak 65 – 22/23:	2. Godkjenning av sakslista .....	4
Sak 65 – 22/23:	3. Godkjenning av referat frå møte 29.03.23 .....	5
Sak 66 – 22/23:	Orienteringar .....	5
Sak 67 – 22/23:	Revidering av stillingsomtalane til AU.....	6
Sak 68 – 22/23:	Revidering av valreglementet .....	7
Sak 69 – 22/23:	Resolusjon om Studiebarometeret .....	8
Sak 70 – 22/23:	Evaluering av Voldakortet .....	9
Sak 71 – 22/23:	Bruk av gåvemidlar .....	10
Sak 72 – 22/23:	Nytt AU – val av leiar 23-34.....	11
Sak 73 – 22/23:	Nytt AU – val av fagansvarleg .....	12
Sak 74 – 22/23:	Nytt AU – val av internasjonalt ansvarleg .....	13
Sak 75 – 22/23:	Nytt AU – val av velferdsansvarleg.....	14
Sak 76 – 22/23:	Nytt AU – val av nestleiar .....	15
Sak 77 – 22/23:	Val av styremedlemmar SiVolda .....	16
Sak 78 – 22/23:	Status, nye kontorlokaler .....	18
Sak 79 – 22/23:	2. høyringsrunde, NSO sine demokratiske organ .....	19
Sak xx – 22/23:	Eventuelt .....	19

## Sak 64 – 22/23: Opprop og val av møteleiing

Type sak: Vedtakssak

Saksframleggar: Ordstyrar

---

### Namneoppop

#### Val av møteleiing

##### AU sitt forslag til vedtak:

- Rikke Jenny Pettersen er dagens ordstyrar
- Organisasjonsrådgjevar Marit Aklestad er dagens referent
- Nikolai Skaug Kolstad og Andrine Kompen er dagens teljekorps

## Sak 65 – 22/23: 1. Godkjenning av innkallinga

Type sak: Vedtakssak

Saksframleggar: Ordstyrar

---

##### AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet godkjenner møteinnkallinga.

## Sak 65 – 22/23: 2. Godkjenning av sakslista

Type sak: Vedtakssak  
Saksframleggar: Ordstyrar

Eventuelle merknadar, tillegg eller endringar av sakslista må meldast inn under dette punktet.

### AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet vedtek fylgjande saksliste for møtet:

		<b>Dagsorden for studentparlamentsmøte 30.11.22</b>	*	Saksansvarleg
16.00	00	Felles middag		Leiar
16.30	64	Opprop og val av møteleiar	V	Ordstyrar
	65	Godkjenningar: Innkalling, saksliste og referat	V	Ordstyrar
16.40	66	Orienteringar	O	Leiar
16.50	67	Revidering av stillingsomtalane til AU	V	Nestleiar
16.55	68	Revidering av valreglementet	V	Nestleiar
17.00	69	Resolusjon om Studiebarometeret inn i kvalitetsutvala	V	Leiar
17.10	70	Evaluering av Voldakortet for studentar	V	Velferd
17.30	71	Bruk av gåvemidlar	V	Leiar
17.45		Pause		
<b>18.00</b>	72	Nytt AU: val av leiar	V	Internasjonalt
18.10	73	Nytt AU: val av fagansvarleg	V	fagansvarleg
18.20	74	Nytt AU: val av internasjonalt ansvarleg	V	Internasjonalt
18.30	75	Nytt AU: val av velferdsansvarleg	V	Velferd
18.40		Pause		
18.50	76	Nytt AU: val av nestleiar	V	Nestleiar
<b>19.00</b>	77	Val til SiVolda-styret	V	Fagansvarleg
19.30	78	Status for nye kontorlokaler, Studentparlamentet	O	Org.rådgjevar
19.40	79	2. høyringsrunde, NSO sine demokratiske organ	V	Leiar
20.00		Møtekritikk, møteslutt		

\*V = vedtakssaker, O = orienteringssaker D = diskusjonssaker.

## Sak 65 – 22/23: 3. Godkjenning av referat frå møte 29.03.23

Type sak: Vedtakssak  
Saksframleggar: Ordstyrar  
Vedlegg: Vedlegg 1. Referat frå møte i Studentparlamentet 29.03.23

---

### AU sitt forslag til vedtak:

Studentparlamentet godkjenner referatet frå sist møte i Studentparlamentet, 10.10.22.

## Sak 66 – 22/23: Orienteringar

Type sak: Orienteringssak  
Saksframleggar: AU

---

AU orienterer om arbeidet i AU og kva som skjer i Studentparlamentet framover:

- Sommaravslutning
- Program overlapp
- Landsmøte NSO
- Møte om bruk av Elvegata 22 torsdag 20. April
- Bygdeprideparade 13. Mai 2023

Info frå studentrepresentantar i råd og utval og tillitsvalde

Info frå styret i SiVolda og Høgskulestyret

Info frå representantar i Studentparlamentet

## Sak 67 – 22/23: Revidering av stillingsomtalanene til AU

Type sak:	Vedtaks sak
Saksframleggar:	Nestleiar Ammy Bolme
Vedlegg:	Vedlegg 2. Gjeldande stillingsomtalar for AU i Studentparlamentet Vedlegg 3. Forslag til reviderte stillingsomtalar for AU i Studentparlamentet

---

AU har gjennomgått stillingsomtalanene til AU og legg fram forslag om reviderte omtalar. Stillingsomtalanene beskriv arbeidsoppgåver og ansvarsområde til den enkelte i AU, samt for AU samla sett, og er del av styringsdokumenta til Studentparlamentet.

### **AU sitt forslag til vedtak:**

Studentparlamentet vedtek forslaget til reviderte stillingsomtalar for AU

### **Bakgrunn**

Stillingsomtalanene til AU vart sist revidert i 2020. AU har sett behov for ei oppdatering. Nokre oppgåver er utdaterte, nokre oppgåver har endra seg, og nye oppgåver har kome til. AU la fram denne saka til vedtak på førre møte, 29.03.23., då ho vart utsett. AU tilrår Studentparlamentet å gjere vedtak i saka no, slik at dei oppdaterte stillingsomtalanene til AU ligg til grunn ved val av nytt AU på dette møtet.

## Sak 68 – 22/23: Revidering av valreglementet

Type sak:	Vedtaks sak
Saksframleggar:	Nestleiar Ammy Bolme
Vedlegg:	Vedlegg 4. Gjeldande valreglement Vedlegg 5. Forslag til revidert valreglement

---

Tidlegare dette studieåret, i sak 51/22-23 på møte 01.03.23, gjorde Studentparlamentet vedtak om at eit kriterium for å stille til val og inneha verv i styret til SiVolda, skal vere at vedkomande er registrert student ved Høgskulen i Volda. AU har på bakgrunn av dette utforma endringsforslag til valreglementet til Studentparlamentet, slik at det er oppdatert og i tråd med vedtaket.

AU føreslår å leggje til ein ny paragraf 5 i valreglementet. Sjå tekst markert i gult i vedlegg 5. AU har ikkje lagt fram forslag om andre endringar.

Gjeldande valreglement ligg til grunn for endringsforslag og debatt. Endringar i valreglementet krev 2/3 fleirtal i parlamentet. Merk at ein ikkje kan fremje nye endringsforslag som ikkje har vorte presenterte før, i møtet, berre eventuelle justeringar av dei forslaga som er fremja innan fristen på 1 veke, og som AU dermed har hatt tid til å innstille på.

### AU sitt forslag til vedtak:

- 1 Studentparlamentet opnar valreglementet for endringar
- 2 Studentparlamentet vedtek framlagt endringsforslag
- 3 Studentparlamentet lukker valreglementet med dei endringane som er gjort

## Sak 69 – 22/23: Resolusjon om Studiebarometeret

Type sak: Vedtakssak  
Saksframleggar: Leiar Trond-Fredrik H. Hoddevik  
Vedlegg: Vedlegg 6. resolusjon om studiebarometeret

---

I etterkant av årets Studiebarometer og oppfølginga av resultatane, har AU konkludert med at parlamentet bør ha aktiv politikk på tematikken. AU legg difor fram resolusjonen «Ta studiebarometeret tilbake til klassene». Resolusjonen tek sikte på å avklare korleis Høgskulen og parlamentet skal arbeide med undersøkinga og resultatet.

### **AU sitt forslag til vedtak:**

Studentparlamentet vedtek resolusjonen om Studiebarometeret



## Sak 70 – 22/23: Evaluering av Voldakortet

Type sak:	Vedtakssak
Saksframleggar:	Velferdsansvarleg Andrine Kompen
Vedlegg:	Vedlegg 7. Presentasjon av Voldakortet Vedlegg 8. Utkast av omtale - blir ettersendt

---

Volda kommune etterspør studentars evaluering av Voldakortet i samband med at prøveprosjektet skal opp til evaluering mot sommaren. I førre parlamentsmøte fekk vi gjest av Nina Kvalen frå kommunen. No gjennomførast det ei spørreundersøking om Voldakortet blant Høgskulens studentar, men AU har konkludert med at Studentparlamentet bør spele inn eiga evaluering av Voldakortet.

I forkant av møtet har alle parlamentets medlemmar blitt tilsendt ein e-post der ein får høve til å svare på nettskjema for å danne statistikk og innspel til kva som bør kome med i evalueringa.

### **Forslag til vedtak:**

Studentparlamentet godkjenner utkast av høyringssvar med dei endringane som kjem fram under diskusjonen. AU får gjennomføre grammatiske og redaksjonelle endringar.

## Sak 71 – 22/23: Bruk av gåvemidler

Type sak: Vedtakssak  
Saksframleggar: Leiar Trond-Fredrik H. Hoddevik

Studentparlamentet har gjennom dei siste møta diskutert grundig kva gåvemidlane på 100.000 frå Sparebanken Møre skal/bør nyttast til, og gjorde på sist møte vedtak der ein peika ut to konkrete tiltak; biljard/bordtennisbord og promofilm for studentorganisasjonar.

AU har jobba vidare med dette:

### **Bordtennis: 30.000 kr**

- AU ynskjer å gå for utvendig bordtennisbord (anten på plenen nedanfor BK eller under tak ved SAA). Ein tenkjer seg at biblioteket kan ha utlån av utstyr. Pris for utvendig bordtennisbord: ca 25 000. I tillegg ynskjer AU å gå for eit innandørs bord som mogleg kan setjast opp i nye Strøm. Kostnad: ca 5 000.
- AU landa på bordtennis over biljard fordi det er kjekt med noko utandørs, og det er lettare å plassere anten det er ute eller inne.
- AU må jobbe vidare med avklaring med Eigedom for plassering, praktisk innkjøp osv.

### **Promovideo for studentorganisasjonar: 20 000 kr**

- AU ynskjer å lyse ut eit oppdrag på 20.000 til promofilm av studentorganisasjonane, der vi lagar snuttar som blir sett saman til ein film, og organisasjonane får tilgang på både sin eigen snutt og heile filmen
- AU vurderer å bruke Oclin (samarbeidsaktør for innhaldsproduksjon for HVO) eller mediestudentar som kan søkje på oppdraget
- AU ynskjer å få ferdigstilt filmen før sommarferien, og må jobbe vidare med avklaringar for å rekke det

### **AU sitt forslag til vedtak:**

Studentparlamentet gir AU fullmakt til å fortsette prosessen med dei to forslaga nemnt over.

## Sak 72 – 22/23: Nytt AU – val av leiar 23-34

Type sak:	Vedtakssak
Saksframleggar:	Leiar Trond-Fredrik Hoddevik
Vedlegg	Stillingsomtale for AU

Studentparlamentet skal velje leiar for komande studieår. Studentleiar er ein av 5 valte studentar i honorerte verv som står for den daglege drifta av Studentparlamentet. Vervet som leiar tilsvarar ei 50 % stilling.

Kandidatar som ynskjer å stille til vervet får 3 min taletid til å presentere seg sjølv, og det blir opna for spørsmål til kandidatane.

### Forslag til vedtak:

Studentparlamentet vel ein leiar for Studentparlamentet for komande studieår, med verkeperiode 01.05.23-30.04.24.

### Bakgrunn

Arbeidsutvalet til Studentparlamentet består av 5 valte representantar, som saman fremjar og arbeidar for studentars interesser, rettigheter og velferd. Nyvalde medlemar vil få opplæring av avtroppande medlem i vervet i perioden 01.05.2023 til 31.05.2023, gjennom blant anna overlappsseminar for avtroppande og påtroppande AU.

Som leiar av Studentparlamentet skal du leie og koordinere studentpolitikken som vert fremma ved Høgskulen i Volda. Dette er ei kjempegivande oppgåve, som ein tek på seg for alle studentane ved institusjonen. Ein er tilsett i ei 50% stilling, og bør og må derfor rekne med å nytte 20 timar i veka på dette vervet. Arbeidsoppgåver varierar mykje i omfang, men dei vanlegaste oppgåvene vert gjort i møter med leiinga, arbeidsutvalet og organisasjonsrådgjevaren til studentparlamentet, velferdsytarar og nasjonale organisasjonar ein samarbeidar med for å fremje saker som påverkar studentane ved institusjonen.

Ein blir fast representant i tilsetjingsutvalet (TUFO) i perioden som leiar.

**Relevante eigenskapar ein bør inneha er:** tolmod, lyttande, raus, samarbeidsevner, stor arbeidskapasitet og god rolleforståing.

Sjå elles stillingsomtale for AU for meir inngåande arbeidsbeskrivelse.

## Sak 73 – 22/23: Nytt AU – val av fagansvarleg

Type sak: Vedtakssak  
Saksframleggar: Fagansvarleg Nikolai Skaug Kolstad  
Vedlegg: Stillingsomtale for AU

Studentparlamentet skal velje fagansvarleg for komande studieår. Fagansvarleg er ein av 5 valte studentar i honorerte verv som står for den daglege drifta av Studentparlamentet. Vervet er honorert med 3 000 kr i mnd, 11 mnd i året.

Kandidatar som ynskjer å stille til vervet får 3 min taletid til å presentere seg sjølv, og det blir opna for spørsmål til kandidatane.

### Forslag til vedtak:

Studentparlamentet vel ein fagansvarleg for Studentparlamentet for komande studieår, med verkeperiode 01.05.23-30.04.24.

### Bakgrunn

Arbeidsutvalet til Studentparlamentet består av 5 valte representantar, som saman fremjar og arbeidar for studentars interesser, rettigheter og velferd. Nyvalde medlemar vil få opplæring av avtroppande medlem i vervet i perioden 01.05.2023 til 31.05.2023, gjennom blant anna overlappsseminar for avtroppande og påtroppande AU.

Som fagansvarleg fylgjer du opp studierelaterte saker for Studentparlamentet, og er fast kontaktperson og koordinator for dei tillitsvalde. Du arrangerer ca 3-4 allmøter for tillitsvalde ila året, og sørger for at dei har god informasjon og opplæring i rolla som tillitsvald. Du følgjer også opp arbeid knytt til Studiebarometeret. I arbeidet samarbeider du med Studentombodet, organisasjonsrådgjevar, leiinga ved Høgskulen ++, og kan også samarbeide med Velferdsgruppa eller andre aktørar for å få i stand faglege kurs.

Fagansvarleg er fast representant Utdanningsutvalet ved Høgskulen i Volda.

Vervet er honorert med 3000 kr i mnd, 11 mnd i året (unnateke juli). Arbeidstida kan variere frå veke til veke, men ein må rekne med å bruke ca 5 arbeidstimar i veka i tillegg til faste møter.

**Relevante eigenskapar ein bør inneha er:** rolleforståing, gode dialogferdigheiter, interesse for fagleg aspekt og kvalitet i høgare utdanning.

Sjå elles stillingsomtale for AU for meir inngåande arbeidsbeskrivelse.

## Sak 74 – 22/23: Nytt AU – val av internasjonalt ansvarleg

Type sak: Vedtakssak  
Saksframleggar: Internasjonalt ansvarleg Ammy Bolme

---

Studentparlamentet skal velje internasjonalt ansvarleg for komande studieår. Internasjonalt ansvarleg er ein av 5 valte studentar i honorerte verv som står for den daglege drifta av Studentparlamentet. Vervet er honorert med 3 000 kr i mnd, 11 mnd i året.

Kandidatar som ynskjer å stille til vervet får 3 min taletid til å presentere seg sjølv, og det blir opna for spørsmål til kandidatane.

### Forslag til vedtak:

Studentparlamentet vel ein internasjonalt ansvarleg for Studentparlamentet for komande studieår, med verkeperiode 01.05.23-30.04.24.

### Bakgrunn

Arbeidsutvalet til Studentparlamentet består av 5 valte representantar, som saman fremjar og arbeidar for studentars interesser, rettigheter og velferd. Nyvalde medlemar vil få opplæring av avtroppande medlem i vervet i perioden 01.05.2023 til 31.05.2023, gjennom blant anna overlappsseminar for avtroppande og påtroppande AU.

Som internasjonalt ansvarleg samarbeider du tett med Pangaia, Internasjonalt kontor og andre relevante organisasjonar som arbeidar for inkludering og betre moglegheiter for internasjonale studentar. Du leier juryen for utdeling av prisen for Internasjoalisering. Du er også Studentparlamentet sin kontaktperson opp mot SAIH – Studentenes og Akademikernes Internasjonale Hjelpeslag, der Studentparlamentet er medlemslag.

Arbeidsoppgåver varierar mykje i form og omfang, men dei vanlegaste oppgåvene vert gjort gjennom kontinuerleg dialog med Pangia og internasjonalt kontor, og organisasjonar ein samarbeidar med for å fremje saker som påverkar internasjonalisering, og gjennom å arrangere lågterskel-arrangement som Norwegian Night eller Buddy Week.

Internasjonalt ansvarleg er fast representant i internasjonalt utval ved Høgskulen i Volda.

Vervet er honorert med 3000 kr i mnd, 11 mnd i året (unnateke juli). Arbeidstida kan variere frå veke til veke, men ein må rekne med å bruke ca 5 arbeidstimar i veka i tillegg til faste møter.

**Relevante eigenskapar ein bør inneha er:** rolleforståing, gode dialogferdigheiter, språkkunnskapar og interesse for internasjonalisering.

Sjå elles stillingsomtale for AU for meir inngåande arbeidsbeskrivelse.

## Sak 75 – 22/23: Nytt AU – val av velferdsansvarleg

Type sak: Vedtakssak  
Saksframleggar: Velferdsansvarleg Andrine Kompen  
Vedlegg: Stillingsomtale for AU

Studentparlamentet skal velje velferdsansvarleg for komande studieår. Velferdsansvarleg er ein av 5 valte studentar i honorerte verv som står for den daglege drifta av Studentparlamentet. Vervet er honorert med 3 000 kr i mnd, 11 mnd i året.

Kandidatar som ynskjer å stille til vervet får 3 min taletid til å presentere seg sjølv, og det blir opna for spørsmål til kandidatane.

### Forslag til vedtak:

Studentparlamentet vel ein velferdsansvarleg for Studentparlamentet for komande studieår, med verkeperiode 01.05.23-30.04.24.

### Bakgrunn

Arbeidsutvalet til Studentparlamentet består av 5 valte representantar, som saman fremjar og arbeidar for studentars interesser, rettigheter og velferd. Nyvalde medlemar vil få opplæring av avtroppande medlem i vervet i perioden 01.05.2023 til 31.05.2023, gjennom blant anna overlappsseminar for avtroppande og påtroppande AU.

Som velferdsansvarleg har ein ei gylden moglegheit til å bidra til studentane sin trivsel, og samtidig få et innblikk i velferd for studentar. Du jobbar også tett opp mot studentorganisasjonane ved Høgskulen i Volda for å gi dei gode rammevilkår.

Som velferdsansvarleg kan du i samarbeid med velferdsgruppa (studenthumanisten, biblioteket, SiVolda, studentprest, Rokken ++) arrangere aktivitetar for studentar og jobbe for å forbetre velferdstilbodet og det psykososiale miljøet ved Høgskulen. Du har også ansvar for sosiale aktivitetar internt i Studentparlamentet.

Velferdsansvarleg er fast representant i læringsmiljøutvalet (LMU) ved Høgskulen i Volda.

Vervet er honorert med 3000 kr i mnd, 11 mnd i året (unnateke juli). Arbeidstida kan variere frå veke til veke, men ein må rekne med å bruke ca 5 arbeidstimar i veka i tillegg til faste møter.

**Relevante eigenskapar ein bør inneha er:** rolleforståing, gode samarbeidsevner og interesse for studentvelferd.

Sjå elles stillingsomtale for AU for meir inngåande arbeidsbeskrivelse.

## Sak 76 – 22/23: Nytt AU – val av nestleiar

Type sak: Vedtakssak  
Saksframleggar: Nestleiar Ammy Bolme

---

Studentparlamentet skal velje nestleiar for komande studieår. Studentparlamentet vel nestleiar mellom dei 4 valte representantane i AU (informasjonsansvarleg, internasjonalt ansvarleg, velferdsansvarleg og fagansvarleg). Alle dei 4 kan stille som kandidat, og vervet som nestleiar kjem i tillegg til vervet ein allereie er valt til. Honoraret for vervet du har i botnen, blir erstatta med eit noko høgare honorar tilsvarande ei 20 % stilling.

Kandidatar som ynskjer å stille til vervet får 3 min taletid til å presentere seg sjølv, og det blir opna for spørsmål til kandidatane.

### **Forslag til vedtak:**

Studentparlamentet vel ein nestleiar for Studentparlamentet for komande studieår, med verkeperiode 01.05.23-30.04.24.

### **Bakgrunn**

Arbeidsutvalet til Studentparlamentet består av 5 valte representantar, som saman fremjar og arbeidar for studentars interesser, rettigheter og velferd ved institusjonen Høgskulen i Volda. Nyvalde medlemar vil få opplæring av avtroppande medlem i vervet i perioden 01.05.2023 til 31.05.2023, gjennom blant anna overlappsseminar for avtroppande og påtroppande AU.

Nestleiar er leiars stadfortredar ved behov, og deltek på leiingsmøte saman med leiar. I tillegg er personen vara for leiar i Studentrådet i UH-Nett Vest. Nestleiarvervet er honorert tilsvarande ei 20% stilling (unnateke juli), og bør rekne med å nytte 10 timar i veka på vervet i tillegg til faste møter. Denne arbeidsinnsatsen inkluderer også vervet ein har i botnen.

**Relevante eigenskapar ein bør inneha er:** fleksibel, lyttande, stor arbeidskapasitet, og god rolleforståing.

Sjå elles stillingsomtale for AU for meir inngåande arbeidsbeskrivelse.

## Sak 77 – 22/23: Val av styremedlemmar SiVolda

Type sak: Vedtakssak  
Saksframleggar: Fagansvarleg Nikolai Skaug Kolstad

---

Studentparlamentet skal velje nye studentmedlemmar til styret i Studentsamskipnaden i Volda (SiVolda). Verva har vore promotert gjennom Studentparlamentet og SiVolda sine sosiale media, plakatar og på Canvas. Forutsetjing for å stille til val og inneha styreverv i SiVolda, er å vere registrert student ved Høgskulen i Volda.

Kandidatar som ynskjer å stille til val, møter opp på møtet og får presentere seg gjennom ein kort valtale (3 min.)

### Forslag til vedtak:

Studentparlamentet vel ved urneval 3 styremedlemmar og tre varaer til styret i SiVolda.

## Bakgrunn

### Om studentsamskipnadane i Noreg

Studentsamskipnadane er ideelt drivne institusjonar som ivaretek studentane si velferd ved dei ulike studiestadane. Dei organiserer velferdstilbod som studentbustader, kantine, kafear, studenthus, studentidrett og treningstilbod, studentbarnehagar, studenthelseteneste, rådgjevings- og psykologteneste med meir.

Studentsamskipnadane er ideelle, private aktørar. Dei er finansiert av semesteravgifta, samt statleg støtte, i tillegg til inntektene frå drifta av tenestene, som kantine, bustader m.m. Alt av overskot i tenestetilbodet deira går tilbake til drifta, og kjem studentane til gode i form av å subsidiere eller vidareutvikle velferdstilbodet.

### Val av styremedlemmar

Representantane som blir valde har ei funksjonstid på eitt år, og vil tre inn i verva frå 1. august 2022 – 31. juli 2023. Verva i styret er honorerte etter faste satsar.

Som styremedlem i SiVolda, deltek du på eit todagars styreseminar i starten av perioden, og deltek på styremøta etter oppsett møteplan. Det er omtrentleg to styremøter ila haustsemesteret og 3-4 møter ila vårsemesteret. Møta finn stad i lokala til SiVolda, og varer vanlegvis i om lag to timar. Dagleg leiar for SiVolda er møtesekretær, og har ansvar for å førebu sakene som skal opp for styret.

Studentane har fleirtal i styret (så fremt studentdemokratia krev det, noko som er tilfelle i Volda), og ofte har studentane også styreleiar. Studentdemokratia kan sjølv avgjere om dei vil velje styreleiar direkte, eller om det blir valt internt. I Volda har styret dei seinare åra valt styreleiar internt. Studentparlamentet har også nyleg vedatt at vi stiller som forutsetning for å stille til val og



inneha styreverv i SiVolda, at vedkomande må vere registrert student ved Høgskulen i Volda. Vi gjennomfører suppleringsval dersom ein innvald kandidat skulle slutte som student i Volda.

Prosedyrer rundt val av styret for SiVolda blir elles regulert av lov og forskrift om Studentsamskipnader i Noreg:

<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2007-12-14-116>

<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2008-07-22-828>

### **Samansetjing av styret i SiVolda 2022-23**

Styret i SiVolda er per no sett saman slik:

Styreleiar – Jenny Nystad – valt av studentane

Nestleiar – Severine Riise Eidem – valt av studentane

Styremedlem – Daria Jermacane – valt av studentane

Styremedlem – Odd helge Mjellem Tonheim – valt av tilsette HVO

Styremedlem – Malen Renate Sætre – valt av tilsette SiVolda

Varaer, studentar:

1. Joachim Selsbakk Hansen
2. Liza Wilhelmina Nieuwenhuis
3. Preben Rosenvinge

Vara HVO: Karen Lomeland Jacobsen

Vara SiVolda: Jon Petter Lied

[Strategisk plan for Studentsamskipnaden i Volda – SiVolda 2022-2025](#)

## **Sak 78 – 22/23: Status, nye kontorlokaler**

Type sak: Orienteringssak  
Saksframleggar: Organisasjonsrådgjevar Marit Aklestad  
Vedlegg: Blir ettersendt

---

Det har lenge vore kjent at Studentparlamentet må flytte ut av sine lokaler i 1. etg. På BK når bokhandelen kjem flyttande. Studentparlamentet gjorde vedtak om å flytte til det tidlegare hustrykkeriet på møte 26.01.22, sak 25/21-22.

I etterkant har saka stått stille lenge, men no rører den på seg. AU har fått tilsendt nye skisser, og skal ha nye møter med leiinga og Eigedom ved HVO denne veka for å tilpasse skissene til behovet og finne ei best mogleg løysing. Planen er at lokalet skal vere klart for innflytting til hausten.

AU vil presentere dei skissene og den informasjonen vi har så langt for Studentparlamentet.

## **Sak 79 – 22/23: 2. høyringsrunde, NSO sine demokratiske organ**

Type sak: Vedtakssak  
Saksframleggar: Leiar Trond-Fredrik Hoddevik  
Vedlegg: Vedlegg 9. Andre høyringsrunde - arbeidsgruppen til gjennomgang av NSOs demokratiske organer  
Vedlegg 10: Utkast av høyringssvar til andre høyringsrunde om NSO sine demokratiske organ

---

Norsk Studentorganisasjon gjennomføre andre høyringsrunde om sine demokratiske organ. Studentparlamentet har svart på første høyringsrunde. AU er innstilt på å svare på runde to også og legg ved følgjande utkast (vedlegg 9) som høyringssvar.

### **Forslag til vedtak:**

Studentparlamentet godkjenner utkast av høyringssvar med dei endringane som kjem fram under diskusjonen. AU får gjennomføre grammatiske og redaksjonelle endringar.

## **Sak xx – 22/23: Eventuelt**

Type sak:  
Saksframleggjar:

---

Møtekritikk etter formell møteslutt.